

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr
Plan- og miljøutvalet	28.08.2025	068/25

Orienteringssak – Konsekvensar av innsparingstiltak for strategiplan klima og energi

Kort om saka

6. mars 2025 behandla Plan- og miljøutvalet sak om oppstart av arbeidet med strategiplan for klima og energi (PMU-sak 011/25). I saka vart det gjort greie for tematisk avgrensing av planen, kunnskapsbehov, organisering, framdrift og kostnadsoverslag.

Oppstartssaka omtalte også behov for å hente inn ekstern konsulentbistand til deler av kunnskapsgrunnlaget, og det vart i saka lagt fram eit kostnadsoverslag med kr. 400.000,- i 2025 og kr. 400.000,- i 2026, totalt kr. 800.000,-. Medan halvparten var tenkt dekt innanfor driftsbudsjettet for 2025 (m.a. ubrukte lønsmiddel), var resterande kostnad tenkt innarbeida i driftsbudsjett for 2026.

27. mars 2025 vedtok kommunestyret innsparingstiltak for driftsbudsjett 2025, der m.a. midlar til Strategiplan for klima og energi vart trekt inn (KS-sak 016/25). Kommunedirektøren vurderer at det heller ikkje er rom for budsjettering av midlar i 2026. Administrasjonen har vurdert kva endra økonomiske rammer får for strategiplanen med omsyn til framdrift, omfang og kvalitet. Manglande ekstern konsulentbistand vil gå særleg utover kunnskapsgrunnlaget om klimagassutslepp i kommunen, utarbeiding av klimabudsjett, og måling av effekt av strategiar og tiltak (måloppnåing). I stor grad vil vi nytte nasjonale og regionale rapportar, tiltaksanalysar etc. som grunnlag for å seie noko om status og moglegheiter i eigen kommune. Også innan andre felt, t.d. energibehov og energiomstilling, vil ein måtte nytte meir overordna rapportar og analysar som kunnskapsgrunnlag.

Kommunedirektøren tilrår at planprosessen opprettheldt framdriftsplanen, men at ambisjonsnivå for kunnskapsgrunnlag og framtidig måling av resultat vert justert i høve dei økonomiske rammene vi har. Planen skal framleis gi kommunen viktige strategiske føringar for korleis kommunen skal fremme og vareta klima- og energiomsyn i drift og samfunnsutvikling.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Saksframlegg - Oppstart av arbeidet med strategiplan for klima og energi 2026-2030
Arbeidsplan_rev1_Strategiplan klima og energi

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Plan- og miljøutvalet tek sak om konsekvensar av innsparingstiltak for strategiplan klima og energi, til orientering.

Saksopplysningar

Det vert vist til PMU-sak 011/25 *Oppstart av arbeidet med strategiplan for klima og energi 2026-2030*. I saka vart det gjort greie for nasjonal og lokal bakgrunn for planoppstart, tematisk avgrensing, kunnskapsbehov, organisering av planarbeidet, arbeidsplan og kostnader.

På bakgrunn av nasjonale, regionale og lokale føringar og behov, vart det i saka sett opp ei rekkje tema som bør inngå i arbeidet med strategiplanen:

- Klimagassrekneskap for den kommunale verksemda, inkludert referansebane, reduksjonsmål, klimabudsjett og tiltak
- Klimagassrekneskap for Øygardssamfunnet, inkludert referansebane, reduksjonsmål, klimabudsjett og strategiar
- Klimagassrekneskap for natur; utslepp/opptak frå skog og arealbruk.
- Klimaendringar og klimatilpassing
- Klima- og miljøkrav ved offentlege anskaffing, jf. Anskaffingsstrategi og overordna føringar for utbygging
- Sirkulær økonomi; reparere, gjenbruke, resirkulere
- Energi; effektivisering, omlegging, fleksibel bruk

Det vart særleg peika på at planen skal svare på Statlege planretningsliner (SPR) for klima og energi, gjeldande frå 1. januar 2025. Planretningslina skisserer klare forventingar til kva kunnskap kommunen skal ha og ta i bruk i planlegging. Kommunen skal sette seg mål, etablere tiltak og legge til rette for medverknad frå innbyggjarar, næringsliv og sivilsamfunn. Vidare skal det settast mål i høve klimaomstilling, og effektiv og fleksibel energibruk.

Vedr. økonomiske konsekvensar vart det skrive følgjande i oppstartssaka:

«For at planen skal bli konkret og resultata målbare, vil det vere naudsynt å nytta ekstern konsulentbistand til nokre av utgreiingane i samband med planarbeidet. Dette vil vere knytt til detaljering av klimarekneskap, framskriving av referansebane og målbane, og berekning av utsleppskutt knytt til ulike relevante tiltak. Slike utrekningar krev kompetanse som kommunen ikkje har. Vidare er det behov for å få gjennomført ein utgreiing av framtidig energibehov i kommunen, potensialet i alternative energikjelder og fleksible løysingar. Ei slik utgreiing vil også vere nyttig som grunnlag for arbeidet med KPA. Dei to utgreiingane er kostnadsberekna til om lag kr. 800 000,- totalt. Medan halvparten vert dekt innanfor driftsbudsjettet for 2025, vil det vere nødvendig å innarbeide resterande kostnad i driftsbudsjett for 2026.

Utan omtalte konsulentbistand vil planen mangle naudsynt kunnskapsgrunnlag, og det vil vere svært utfordrande å ta kommunen sine mål og strategiar dei stega vidare frå KPS som er nødvendig for å oppnå målretta reduksjon i klimagassutslepp, framtidsretta energibruk og meir sirkulær økonomi. (...).

Ved behandling av saka i Plan- og miljøutvalet vart mellom anna dei økonomiske rammene for planen drøfta, og utvalet vedtok slikt tilleggspunkt:

1. *Plan- og miljøutvalet ber om at administrasjonen held seg innanfor ei økonomisk ramme på maks NOK 800 000 for 2025 og 2026 for utarbeiding av planen. Dersom dei økonomiske rammene ikkje kan haldast, skal formannskapet orienterast.*

I midten av mars vart det klart at Øygarden kommune er nøydd til å gjennomføre omfattande innsparingstiltak for 2025. Kommunedirektøren la fram sak til kommunestyret (KS-sak 016/25) med tiltak for å spare inn til saman kr. 73,3 mill., deriblant innsparing av kr. 400.000,- med tittel «*Kjøp konsulenttenester, strategisk plan for klima og energi*». Krav om økonomisk omstilling vil vere førande for driftsbudsjettet også i 2026, og det vil truleg ikkje vere rom for budsjettering av midlar til planarbeidet for neste år.

Oppfølging av samfunnsdelen til kommuneplanen

Utarbeiding av strategiplan for klima og energi skal følgje opp og konkretisere sentrale mål, delmål og strategiar i samfunnsdelen til kommuneplanen (KPS), og bruk av ekstern konsulentbistand ville styrka strategiplanen. Det er naturleg at målkonfliktar oppstår i overordna planar som KPS, t.d. vil mål om å arbeide strukturert med økonomiplanlegging for å sikre eit berekraftig tenestetilbod, leggje for økonomi og realisering av andre mål og strategiar.

Konsekvensar for folkehelse

Saka gjeld konsekvensar av økonomiske innsparingar for utarbeiding av strategiplan for klima og energi. Dei økonomisk innsparingane har ingen direkte effekt på folkehelsa til befolkninga.

Økonomiske konsekvensar

Saka har ingen økonomiske konsekvensar.

Vurdering og konklusjon

Oppstartssaka skisserte behov for økonomiske ressursar knytt til utgreiing av klimagassrekneskap- og reduksjon, og energiomstilling. Etter innsparingsvedtaket i mars har administrasjonen gjort ei vurdering av kva konsekvensar manglande midlar til konsulentbistand får for arbeidet med Strategiplan for klima og energi. Ambisjonen var å utarbeide eit mest mogleg lokalt kunnskapsgrunnlag mellom anna med bistand frå eksterne konsulentar. Dette skulle danne grunnlag for å sette mål for klimaarbeidet vårt, samt etablere strategiar og satsingsområde. Den eksterne bistanden skulle også gi verktøy/metode for å måle resultat av strategiane / måloppnåing.

Administrasjonen har fått eit betre oversyn over det store tilfanget av tilgjengeleg data, rapportar, metode- og berekningsmodellar når det gjeld berekning av klimagassutslepp (CO₂-ekvivalentar), og ein ser særleg at analyser av effekt av tiltak/satsingar krev spisskompetanse om metode og berekningsmodellar som kommunen ikkje har. Manglande økonomiske ressursar vil derfor først og fremst redusere kommunen si moglegheit til å måle og synleggjere resultatet av dei strategiske vala og innsatsen som planen legg grunnlag for.

Klimagassrekneskap og klimagassreduksjon i kommunen si drift

Det er avgjerande at kommunen gjennom strategiplanen, tek tak i eigne utslepp og får innarbeida ein bevisst haldning kring verksemda sine klimagassutslepp. Gjennom medlemskap i Klimapartnere Vestland har kommunen hatt kostnadsfri tilgang til basisversjon av verktøyet Klimakost (Asplan Viak). Her har vi lagt inn forbruk av drivstoff (liter) og energi (kwh), samt rekneskapstal for kjøp av varer og tenester (kroner), og ved hjelp av ulike utsleppsfaktorar konverterte systemet dataa om til CO₂-ekvivalentar. Tala vert lagt inn samla for heile organisasjonen. Avtalen Klimapartnere nasjonalt har

hatt med Asplan Viak om bruk av Klimakost vert nå avvikla. Kommunen må rekne med at det vil påløpe kostnader dersom vi skal vidareføre bruken av Klimakost, eller ta i bruk eit anna liknande system.

I kunnskapsgrunnlaget til Strategiplan klima og energi, tilrår kommunedirektøren at kommunen bruker den kunnskapen vi har frå vårt siste klimarekneskap (2024), inklusive utsleppsfaktorane slik dei ligg i Klimakost i dag. På bakgrunn av dette kan vi gjere ein overordna analyse av kva aktivitetar i drifta som bidreg til særleg store utslepp, og identifiserer aktivitetar innanfor nokre av tenesteområda der vi kan redusere utsleppa. Dette vil danna eit godt grunnlag for å drøfte/etablere strategiar for å redusere utsleppa våre. Framskriving av utslepp og effektberekning av tiltak (reduisert utslepp), krev derimot spisskompetanse om metode og utrekningsmodellar, som kommunen ikkje har.

Klimagassrekneskap og klimagassreduksjon i Øygarden

Miljødirektoratet (Mdir) sett opp klimagassrekneskap for geografiske utslepp på nasjonalt, fylkeskommunalt og kommunalt nivå, fordelt på ni ulike sektorar, t.d. vegtrafikk, landbruk, sjøfart etc. Vidare publiserer Mdir årleg kunnskapsgrunnlag, tiltaksanalysar og effektberekning av tiltak på nasjonalt nivå, sett opp for å nå reduksjonsmål i klimalova. Det vert også publisert tilhøyrande metodenotat og berekningsmodellar. Tilfanget av data, rapportar og analysar er stort.

Administrasjonen gjekk i vår saman med tre andre kommunar i Vestland (Solund, Stad og Vik), og søkte om tilskot frå Miljødirektoratet (klimasats) og Vestland fylkeskommune til ein tiltaksanalyse for geografiske utslepp, men søknaden vart avslått. Øygarden har haldt fram samarbeidet med dei tre kommunane og Vestland fylkeskommune for å utarbeide ein forenkla analyse av moglege innsatsområde og tiltakseffekt. Føremålet er å identifisere sektorar med store utslepp, vurdere relevante strategiar/tiltak frå Mdir sine publikasjonar, og berekne mogleg effekt av tiltaka for vår kommune.

Analysen vert forenkla og meir overordna enn ønskja, fordi administrasjonen ikkje har nødvendig metode og berekningsmodellar for å bryte nasjonale tiltaksanalysar / effektberekningar ned på lokalt nivå, og det vert derfor utfordrande å måle og synleggjere resultat av evt. strategiar og tiltak.

Framtidig energibehov og alternative energikjelder

I oppstartssaka vart det også skissert behov for ekstern konsulentbistand knytt til kunnskap om framtidig energibehov og potensialet i alternative energikjelder i Øygarden. Det er eit stort nasjonalt fokus på stort energibehov i framtida. I Øygarden er dette særleg viktig fordi kommunen er vertskap for store energikrevjande verksemdar, i tillegg til nasjonale klimaomstillingsprosjekt som også er svært energikrevjande. Sjølv om energiproduksjon i Vestland er stor, er manglande kapasitet på straumnett et ein flaskehals og det er eit generelt behov for energiomstilling;

- Meir fornybar energiproduksjon
- Meir energieffektivisering og fleksibel energibruk
- Meir lokal energiproduksjon
- Forsterking av kapasitet i straumnett

Dette er moment som Strategiplan for klima og energi må sette mål og etablere strategiar for, både med omsyn til energiomstilling i kommunen si eiga drift og utbygging, men også med omsyn til nærings-, bustad- og sentrumsutvikling i kommunen. Ekstern konsulentbistand skulle bidra til å etablere eit kunnskapsgrunnlag som vurderte potensialet for energieffektivisering, alternative energikjelder, lokal energiproduksjon med felles og fleksible energisystem, i tillegg til framskrivingar av framtidig energibehov i Øygarden.

Som eit alternativ tilrår kommunedirektøren at framtidsbehov og utbiklingspotensial i Øygarden vert belyst ved å nytte tilgjengelege overordna dokument, t.d. energimeldingar og rapportar frå mellom

anna Statnett og BKK, supplert med inspirasjon frå utviklingsprosjekt i andre kommunar, t.d. Dokken i Bergen og Filipstad i Oslo. Uansett er dette eit tema som vil krevje brei medverknad frå både næringsliv, utbyggjarar, kraft- og nettleverandørar, og det er viktig å utforska ny teknologi og utfordre etablerte rammer. Manglande lokal kunnskap om både behov og potensial er uheldig, men det skal likevel vere mogleg å gjere retningsval og legge føringar for framtidsretta energiløysingar i kommunen.

Oppsummering og konklusjon

Strategiplan for klima og energi er eit viktig styringsdokument som kommunen treng å få på plass. Planprosessen krev mykje godt arbeid, kunnskapsinnhenting, drøftingar og retningsval. Manglande rammar for ekstern konsulentbistand vil først og fremst svekke kunnskapen om lokale forhold og måling av resultat over tid. Kunnskapsgrunnlaget vil verte meir overordna, og bygge på nasjonal og regional statistikk og rapportar. Det same gjeld effektberekning av strategiar og tiltak, og høve til å måle og synleggjere resultat og måloppnåing. Det verte utfordrande å sette opp klimabudsjett og målrette innsatsen med omsyn til behov og potensiale for utsleppsreduksjon. Det er òg ein fare for at strategiplanen ikkje fult ut møter føringar og forventningar i kommunen sin samfunnsplan og verksemdsplan, samt Statlege planretningsliner for klima og energi. Planen kan likevel verte eit verktøy for at kommunen definerer mål og strategiar som er viktige for klima- og energiomstilling i eigen drift og i samfunnet. Det vil legge viktig føringar for korleis vi skal handtere klima- og energiomsyn i mange av dei ulike oppgåvene kommunen har.

Framdriftsplanen var i utgangspunktet rimeleg stram, men kommunedirektøren meiner at det framleis skal vere mogleg å følgje den. Det er gjort nokre justeringar med omsyn til kunnskapsinnhenting og utarbeiding av framlegg til strategiplan som speglar at administrasjonen må gjennomføre større del av kunnskaps- og analysearbeidet sjølv. Planen har ein ganske stor fagleg breidde, og dei einskilte tema krev involvering av ulike aktørar. Ein ser derfor for seg at fleire mindre arbeidsgrupper kan greie ut enkelte tema, drøfte mål og framlegg til strategiar fram mot utgangen av 2025. Ein slik arbeidsmodell kan gjere det nødvendig å tenke nytt om medverknad ved utarbeiding av kunnskapsgrunnlag og strategiar, med medverknadsaktivitetar retta mot enkelte tema. Det vil verte krevjande, men forankring både internt og eksternt er viktig for at strategiplanen skal verte eit godt styringsverktøy.

Plan- og miljøutvalet 28.08.2025:

Behandling i møtet

Votering

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 28.08.2025 - 068/25

Plan og miljøutvalet gir slikt vedtak:

Plan- og miljøutvalet tek sak om konsekvensar av innsparingstiltak for strategiplan klima og energi, til orientering.

